

SAMARBEIDSAVTALE

MELLOM

HØGSKULEN I VOLDA

OG

STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE (SFS)

1. AVTALEN SITT OMFANG OG FORMÅL

1.1 Formål

Denne avtalen er oppretta for å regulere samarbeidet mellom Høgskulen Volda (HVO) og Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS).

1.2 Ansvarsfordeling

Høgskulen i Volda har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Høgskulen skal, i samarbeid med Studentsamskipnaden for Sunnmøre, legge tilhøva til rette for eit godt studiemiljø og arbeide for å betre studentvelferda på lærestaden.

1.3 Andre, gjeldande retningslinjer

Partane viser til følgjande formelle retningslinjer for samarbeidet mellom høgskulen og studentsamskipnaden:

- Rundskriv V-13/87, Kultur- og vitenskapsdept. 04.03.1987.
- Lov om studentsamskipnader av 28.06.1996.
- Lov om universiteter og høgskoler av 12.05.1995 nr. 22 med seinare endringar
- Forskrift om studentsamskipnader av 12.02.2001 nr. 153 fastsett av UFD.

Utover desse retningslinjene og utover det som går fram av denne avtalen, ligg ordinære forretningsmessige prinsipp til grunn og gir såleis ingen bindingar på partane sine preferansar ved kjøp og sal.

2. BUDSJETT- OG RAPPORTERINGSRUTINAR

2.1 Budsjettframlegg

I samband med fordelinga av midlar til fellestenestene ved HVO må Studentsamskipnaden for Sunnmøre kome med framlegg til budsjett for både drifts- og investeringsmidlar. Fristen er sett til 15. november. Framlegg til større vedlikehaldsmidlar må ligge føre innan same dato.

2.2 Rapportering

SfS skal rapportere om bruken av midlane for føregåande år innan 01.03. kvart år.

3. VERKSEMD SOM ER OMFATTA AV FRISTASJON

3.1 Fristasjon

Fristasjon tyder at HVO stiller gratis lokale med basisutstyr til rådvelde for verksemda og sørgjer for reinhald, lys og varme, vatn og renovasjon. Med basisutstyr meiner ein generelt vanleg og nødvendig utstyr og inventar.

Reinhaldet på fristasjonsområdet skal vere som elles på HVO .

I samband med høgskulen sine innkjøp av varer og tenester ved anbod skal SfS ha rett til å uttale seg om dei innkjøpa som eventuelt kan påverke SfS si verksemd direkte før anbodsprosessen blir sett i verk.

3.2 Kantine

HVO yter SfS fristasjon etter pkt. 3.1. (areal til kantinedrift inkl. kjøkken er 700 m² i Berte Kanuttehuset og 57m² i Kårstad-huset). HVO set av ein mindre sum kvart år til fornying av utstyr. Større

zh

M

investeringar i utstyr må Sfs søkje om særskilt (sjå punkt 2.1). Men reinhald på kjøkkenet skal Sfs syte for sjølve.

Nødvendig oppussing og vedlikehald av lokale, inventar og utstyr vert utført i samsvar med retningslinjene for fristasjon.

Sfs dekkjer utgifter til råvarer inkludert utgifter til reine forbruksvarer og til alt personell.

Pålegg frå offentlege styresmakter om utbetringar prioriterer partane svært høgt. Sfs har meldeplikt til HVO (Statsbygg), som eig lokala, når slike pålegg vert mottekne.

Kantina skal i størst mogeleg grad ha opningstider som er tilpassa høgskulen sine opningstider og studentane sine behov. Sfs skal arbeide for at prisane på produkt som seljast i kantina har eit studentvennleg nivå.

Sfs har førsterett til all servering i samband med arrangement ved HVO.

Ved servering av alkohol i høgskulen sine lokale, skal Sfs stå som ansvarleg etter gjeldande skjenkereglar for Volda kommune

Ved leveransar av vanlege kantineprodukt nyttast gjeldande kantinepris når kunden hentar varene sjølve. Ved servering som krev ombringing og/eller oppdekking, bruker ein eiga prisliste eller pris kan avtalast for kvar gong. Serviset blir brakt tilbake til kantina av dei som bestilte varene, men ein kan også avtale at Sfs tar seg av dette.

Partane er samde om at talet på kantiner ved HVO ikkje kan endrast utan at høgskulen godkjenner dette.

3.3 Automatdrift

Automatdrift inngår i fristasjon. Sfs utplasserer etter avtale i det einskilde tilfelle eit nødvendig tal automatar til omsetning av mat, drikke, sjokolade mv. Automatane skal ikkje støye, og der dei er plasserte, skal dei ikkje vere glorete.

Utplassering skal avtalast med driftsleiar ved HVO.

3.4 Bokhandel

HVO stiller lokale (288 m²) til rådvelde for drift av bokhandel ved å yte fri husleige, lys og varme til Sfs i Ivar Aasen-huset.

Fristasjon til bokhandeldrift omfattar ikkje inventar, utstyr og innreiing i bokhandelen.

Gnist Møre skal stå for sal av profileringsartiklar til studentar og tilsette. Ingen andre enn Sfs og HVO sjølve får løyve til å selje slike produkt. Sfs skal hente inn godkjenning frå HVO når det gjeld kva slags produkt den grafiske profilen kan nyttast på.

3.5 Administrasjonen ved Sfs

HVO yter fristasjon til Sfs sin administrasjon (127 m²).

Nødvendig basisutstyr blir dekt av HVO (sjå pkt. 3.1). Posthenting inngår i fristasjon.

Ved omlegging av tilgang til eller bruk av elektronisk utstyr (f eks etablering av nytt telefonapparat, nye uttak mv.) i tillegg til eksisterande infrastruktur for Sfs si verksemd, dekkjer Sfs alle etableringskostnadene.

Jhj.

[Handwritten signature]

SfS dekkjer sjølv andre utgifter som datautstyr, kopieringsutstyr, dataprogramvare, rekvisita, safe og anna forbruksmateriell ved sitt kontorhald.

4. TENESTER SOM SfS YTER FOR HVO MOT BETALING

4.1 Utleigeverksemd Idrettsbygget

SfS sørgjer for utleige og tildeling av lokale i Idrettsbygget og krev inn leige på vegner av HVO. Målet for utleiga er at alle timane skal vere utleid mest mogleg av haust- og vårsemesteret. SfS sitt ansvar her er avgrensa til å gjelde tida etter kl 16 på kvardagar og heile dagen i helgane. SfS får eit tilskot på kr 30 000 for dette arbeidet.

4.2 Rådgevingstenester for studentar

HVO og SfS samarbeider om drift av psykologisk og sosial rådgevingsteneste for studentar.

SfS yter sosial rådgevingsteneste for studentar ved HVO. Tenesta inngår som ein del av fristasjon på linje med SfS sin administrasjon ved HVO og har kontor i Lettbygget. Sosialrådgjevar har vederlagsfri tilgang til SfS sin kopieringsmaskin, telefaks og kontorrekvisita. Sosialrådgjevartenesta skal vere tilgjengeleg ved HVO. HVO dekkjer 30% stilling inkl. sosiale kostnader til denne tenesta. Tilbodet skal vere tilgjengeleg for studentane minst 2 heile dagar i veka eller tilsvarande.

SfS organiserer eit tilbod om psykologisk rådgevingsteneste for studentar ved HVO. Tenesta skal vere tilgjengeleg i Volda kommune. Tenesta inngår også som ein del av fristasjon der HVO dekkjer husleiga. For den psykologiske rådgevingstenesta til HVO sine studentar yter HVO eit tilskot til SfS på kr 90.000 i året.

SfS fakturerer HVO for desse tenestene to gongar i året med forfall 30.04 og 30.09.

5. TENESTER SOM HVO YTER TIL SfS MOT BETALING – DATA OG TELEFONI

5.1 Omfang

Avtalen gjeld arbeidsplassar i kontorlokale, kantine, bokhandel, barnehage, samt studenthyblar.

5.2 Telefoni

Telefonkostnader vert utrekna etter tal tilsette, der SfS vert fakturert for sin del av dei totale direkte telefonkostnadane.

Grunnlaget skal i tillegg inkludere drift av telefonsentral med 25 % stilling i lønstrinn 40:

- Vedlikehald av nummer register.
- Oppsett av linjer.
- Flytting av telefonlinjer

Telefonutgifter inkludert MVA etter gjeldande sats vert fakturert etterskotsvis kvart år av HVO.

5.3 Datatenester

5.3.1 PC-ar

Tilsette ved SfS i Volda vil verte rekna som tilsette ved HVO når volumlisensar vert kalkulert. Tilbod av programvare vil difor vere likt det tilsette ved HVO normalt har, og inkludere Microsoft Office og GroupWise. Ut over dette må SfS koste eigne lisensar. Normalt vil avtalen også dekkje installasjon av desse programma.

HVO tilbyr desse tenestene:

Drift av E-post tenar

- Oppretting av brukarar

Jhi

JA

- Vedlikehald av e-post grupper
- Vedlikehald av virus /spam filter

Drift av lokal nettverk infrastruktur (svitsjar, hubar)

Drift av nettverks skrivarar

Drift av antivirus system på servar / klientar

HVO yter brukarstøtte til tilsette på Sfs

HVO yter hjelp ved installasjon av programvare (sjå særskilte merknadar)

Innkjøp av utstyr / programvare

- Sfs kan dra nytte av HVO sin rådgjevingskompetanse samt gunstige prisar ved innkjøp av datautstyr / programvare

Installasjon / oppsett av nye maskiner.

Sfs må sjølv handtere eventuelle garantiar og reklamasjonar på eige utstyr.

Talet på PCar som avtalen gjeld justerast ein gong i året (31.12). Det aktuelle talet vil gå fram av fakturaen.

Avtalen gjeld ikkje datarekvisita, t.d. toner og CD. Den gjeld heller ikkje eksternt utstyr som kopimaskiner, faks, skrivarar og liknande.

Vederlag per PC vert fakturert ved utgangen av kvart år. Pris per PC er kr. 6.400,- pr. år. I tillegg kjem MVA etter gjeldande sats. Prisen kan regulerast kvart år i høve konsumprisindeksen pr 15.11. Indeksen pr 15.11.2004 vert sett som grunnlag.

5.3.2 Nettverk i studentbustadar

Under føresetnad av at Sfs kjøper utstyr som lett let seg administrere av eksisterande verktøy ved HVO, og at kabling er dokumentert, vil HVO overvake nettverket på studentbustadane på lik linje med resten av skulen sitt nettverk. Ved problem vil HVO vere hjelpsam med feilsøking og feilretting.

Sidan HVO ikkje har tilgong til lokala på Studentbustadane, må feilsøking her skje i samarbeid med ein ansvarshavande person frå Sfs. Dersom pc'ar på studentbustadane generer uønska trafikk, vil HVO kunne stenge av trafikken til og frå vedkomande pc. Sfs vert då varsla. HVO opnar så nettet når uønska trafikk er fjerna.

Sfs må sjølv handtere eventuelle garantiar og reklamasjonar på eige utstyr. Sfs vil kunne dra nytte av gode prisar på nettverksutstyr som vert kjøpt inn samtidig med HVO sitt utstyr.

Vederlaget vert fakturert ved utgangen av kvart år. Prisen er kr 15 000 pr år. I tillegg kjem MVA etter gjeldande sats. Prisen kan regulerast kvart år i høve konsumprisindeksen pr 15.11. Indeksen pr 15.11.2004 vert sett som grunnlag.

5.4 Særskilte merknadar

- Serveroppgradering:
Dersom det vert aktuelt å oppgradere/byte ut noverande filserver, vert arbeidet knytt til dette (max. 15 timar) fakturert Sfs ved første forfall etter oppgraderinga.
- Brukarstøtte vedrørende Sfs sine særskilte dataprogram som t.d. Klink, Miele m.fl. er ikkje omfatta av avtalen.
- Det same gjeld dersom det oppstår særskilde problem knytt til nettverk/utstyr til studentbustadane, og det tek meir enn 4 – fire timar å løyse desse.

Jhj

df

6. VELFERDSBYGG/-LOKALER

6.1 Studentkro/Studenthus

Studentsamfunnet sine aktivitetar er svært viktige for studentane sitt sosiale liv. HVO og SfS vil arbeide for at aktiviteten her kan utviklast vidare. HVO vil støtte aktivt opp om arbeidet med nytt studenthus i Volda.

HVO yter for tida kr 346 000 til drift av studentkroa i Volda.

6.2 Studenthytte Blåbu

Blåbu vert vederlagsfritt leigd ut til SfS til 010707. HVO og SfS er samde om at ein innan utgangen av 2006 skal ha vurdert framtida til Blåbu. Begge partar er samde om at ein bør oppretthalde eit slikt velferdstilbod for studentar og tilsette.

Tilsette ved HVO kan bruke "Blåbu" på linje med studentar ved HVO.

7. UTANLANDSKE STUDENTAR

7.1 Utvekslingsstudentar

SfS reserverar eit avgrensa tal studentbustader for utanlandske studentar/utvekslingsstudentar på Porse og eventuelt Heltne. Det vert gjort avtale for eitt år om gangen, og avtalen skal ligge føre tidlegast mogleg og seinast 1.juni kvart år. Endring i behov for vårsemesteret skal meldast seinast 01.12. året før.

Dei utanlandske studentane betalar vanleg husleige, og følgjer vanlege reglar for oppseiing. I haustsemesteret går kontraktane for utanlandske studentar frå 1. eller 15 august og i vårsemesteret frå 1.januar. Det vert kravd eit forskot på kr. 500 som skal dekke vask ved utflytting. Dersom vask er tilfredsstillande ordna av leigetakar, vert forskotet tilbakebetalt til studenten ved utflytting. Utover dette betalar ikkje utanlandske studentar depositum. Hyblar for utanlandske studentar har internett-tilgang, men er utan telefon.

SfS og HVO skal i fellesskap prøve å fylle opp reserverte hyblar dersom desse vert ståande tome.

Dersom dei reserverte bueiningane vert ståande tome og ein ikkje får leige dei ut til andre, skal økonomisk tap delast likt mellom HVO og SfS.

7.2 NUS-studentar

SfS vil kunne reservere inntil 25 hyblar for NUS-studentar. Talet på hyblar skal avtalast årleg, og melding om behov skal meldast til SfS innan 1.juni kvart år. Hyblane vert reserverte for eit år om gongen. NUS studentane betalar vanleg leige, depositum og har vanlege reglar for kontraktperiode, tildeling og oppseiing. Høgskulen og SfS deler det økonomisk tap likt dersom desse hyblane vert ståande tome før og etter kontraktperiode med den einskilde student, eller studentane forlet Volda utan å gjere opp for seg.

7.3 Bankkontoordning for internasjonale studentar i samband med søknad om opphaldsløyve for utdanning ved Høgskulen i Volda

SfS opprettar bankkonto i sitt namn hjå lokal bank som depositumkonto for innreisande utanlandsstudentar.

Studentane betalar inn avtalt beløp (kr 80 000,-) på bankkontoen. Avtale med følgjande føresetnadar for depositum skal returnerast i underskrive stand.

Depositum er ikkje renteberande.

Depositum vert gjort opp med frådrag for eventuelle transaksjonskostnader.

Jhj



Uttak på inntil NOK 5 000,- totalt kan eventuelt disponerast frå depositumkonto for den einskilde student etter at dei er komne til i Noreg, før personleg bankkonto er oppretta. Kontantbeløp kan hentast i Sfs sin ekspedisjon.

Sfs mottok liste frå HVO over alle aktuelle studentar, med namn, adresse, studieadresse i Noreg og fødselsdato. HVO melder studentane sine personlege bankkontonummer til Sfs straks desse ligg føre.

Sfs og HVO mottok kvittering frå banken for motteke beløp. Sfs har register over alle personar som til ei kvar tid har inneståande beløp på kontoen med eksakt saldo.

HVO sender fortløpande stadfesting til den einskilde student umiddelbart etter at kvittering for motteke beløp ligg føre, vedlagt kopi av innbetaling frå banken.

HVO sender oversikt over studentane sine namn og innbetalt beløp til Utlendingsdirektoratet (UDI).

Etter at studenten har oppretta personleg bankkonto i Noreg, gir HVO melding om bankkontonummer til Sfs, og beløpet vert overført frå depositumkonto til studenten sin konto. Overført beløp er lik innbetalt beløp fråtrekt eventuelt bankgebyr og eventuelt beløp som er utbetalt som "forskotslån", normalt avgrensa til kr 5 000,- . Renter vert ikkje godskrive studenten, dette beheld Sfs som kompensasjon for administrative kostnader ved ordninga.

Sfs og HVO utpeikar kvar sin kontaktperson for ordninga.

8. SEMESTERAVGIFTA

HVO krev inn pliktig avgift med heimel i lov om studentsamskipnader av 28.06.1996 §12 første ledd (semesteravgifta).

Dersom HVO krev inn andre avgifter i samband med innkrevjinga av semesteravgifta , skal ein gjere merksam på kva som er semesteravgift og kva som eventuelt er anna avgift.

9. AVTALEPERIODE


Denne avtalen gjeld for eitt år og frå 1. januar 2004. Avtalen kan seiast opp med minimum 6 månaders varsel. Dersom avtalen ikkje vert sagt opp, vert den automatisk forlenga.

10. HANDSAMING AV TVISTAR


Eventuelle tvistemål i samband med dette avtaleforholdet skal avgjerast av ei tvistenemnd på tre medlemmer. Partane oppnemnar ein medlem kvar. Den tredje medlemmen blir oppnemnt av partane i fellesskap. Dersom ikkje partane blir samde, oppnemnar Sorenskrivaren på Søre Sunnmøre den tredje medlemmen.

Volda, 27. september 2004

For Høgskulen i Volda


Jacob Kjode jr
Høgskuledirektør

For Studentsamskipnaden for Sunnmøre


Jan H. Egset
Adm. direktør